



STAD KOMMUNE
Rådhusvegen 11
6770 NORDFJORDEID

Saksbehandlar, innvalstelefon
Heidi Sandvik, 5764 3151

Fråsegn til mindre endring etter forenkla prosess av reguleringsplan - Stad skipstunnel - plan-id 2022010

Vi viser til oversending dagsett 20.3.2026.

COWO har på vegne av Kystverket søkt om mindre endring etter forenkla prosess av detaljreguleringsplanen for Stad skipstunnel. COWI opplyser bakgrunnen for endringa slik:

«I forbindelse med arbeidet med rammesøknad for tiltakene som inngår i totalentreprisen for Stad skipstunnel har det blitt avdekket en del uklarheter i gjeldende reguleringsplaner for Stad skipstunnel (planID: 2022010), Kjøde næringsområde (planID: 2022013) og Lesto næringsområde (planID: 2022014). Dessuten har prosjektet modnet noe med en videre analyse av sikkerhet ved seiling og utforming av entringsområdene har derfor blitt noe justert i forhold til hva som ligger til grunn i Detaljreguleringsplan for Stad skipstunnel.

Det er også avdekket behov for større fleksibilitet i etablering av anleggsveger i Kjødepollen. Alle disse forholdene har ført til et ønske om å gjøre mindre endringer i de overnevnte reguleringsplanene. Dette er for det meste mindre redaksjonelle endringer, og det er få av disse punktene som har betydning for det ferdige anlegget.»

Denne søknaden omfattar mindre endringar av detaljreguleringsplanen for Stad skipstunnel, som er den eine av dei tre nemnde planane.

Endringane omfattar justeringar av både kart og føresegner. Oversendinga viser fleire kartutsnitt som viser situasjonen før og etter planendringane, og utklipp av føresegner før og etter endringane. Kommunedirektøren har vurdert kvar endring kvar for seg og samla.

Kommunedirektøren har konkludert med at fleire av punkta i søknaden om mindre endring kan handsamast som mindre endring i medhald av pbl § 12-14 andre ledd. Kommunedirektøren har etter ei samla vurdering konkludert med at nokre av punkta i endringssøknaden fell inn under pbl § 12-14 første ledd, som inneber planendring etter same reglane som for utarbeiding av ny plan. Det



er opplyst at Kystverket er i gang med planrevisjon i medhald av pbl § 12-14 første ledd, og at desse endringspunkta heller bør vurderast i denne planprosessen.

Merknader frå Statsforvaltaren

Vi går ikkje inn i konkrete vurderingar av interessekonfliktar og tek heller ikkje stilling til saksbehandlingsmåten i denne saka. Kommunen er ansvarleg for å vurdere om endringane vil kunne gje uheldige verknadar for alle aktuelle interesser, og om dei føreslegne planendringa ligg innanfor det som kan behandlast gjennom ein enklare prosess etter pbl. § 12-14.

Vi har samtidig nyleg fått varsel om oppstart av det nemnde arbeidet med ein ordinær revisjon av reguleringsplanen for Stad skipstunnel på høyring. I staden for å handsame nokre av dei aktuelle justeringane som mindre endring, vil vi rå til at alle dei aktuelle endringane heller vert vurderte og avklart samla i ein felles prosess, i det no oppstarta arbeidet etter pbl § 12-14 første ledd. Verknadene av alle dei komande endringane kan då sjåast og avklarast samla.

Med helsing

Sarah Kvåle Skouen
fung. seksjonsleiar

Heidi Sandvik
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent